



**Sogndal
kommune**

Initiativ, skaparLyst, Kreativitet!

Velkomen til
entreprenørskapsmesse
i Sogndal 6. mai 2015

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**

Elevbedriftene «HMH Tjenester» og
«Altmuliggutta» frå Kaupanger skule.
Foto: Odd Helge Brugrand



SOGN REGIONRÅD



sognnæring



Torjus Jetmundsen (16) og Sofie Sundberg (17) er konfransierar.

Bli med på Laget!

Kvifor går du på skulen? Kva vil Stortinget, regjeringa og landet vårt med skulen? Jo, meininga med skulen er at «Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong». Slik står det i opplæringslova. Det er også dette entreprenørskap handlar om: Humor, kreativitet, variasjon og innovasjon. Det handlar om å samarbeide og å prøve noko nytt. Entreprenørskap er å gjere noko praktisk, skapa noko, og prøve å få til noko.

På entreprenørskapsmessa i Sogndal vil du møte elevbedrifter frå dei fleste niandeklassane i Sogn. Og du får besøke ei av mange spanande bedrifter i Sogndal. Kva gjer bedriftene, og kva skal til for at du kan jobbe der i framtida?

Og ikkje minst får du høyre eit motiverande føredrag av sjukepleiar, breførar, turistguide, matskribent, kokk, kajakkinstruktør, gründer og «eventyrar» Sigrid Henjum.

Velkomen til Sogndal. Bli med på laget!

Program

- 09.00 - 10.00 Rigging av elevbedriftene
- 10.00 - 10.30 Opningsarrangement
- 10.45 - 14.15 Besøk på stand, føredrag og besøk til lokale verksemder
- 14.20 - 14.50 Avslutningsarrangement

Premiering i tre kategoriar

- Nyskaping og kreativitet
- Formidling og kommunikasjon
- Miljø og berekraft



Elevbedrifter frå Kvåle skule og Kaupanger skule.

Gründer Sigrid Henjum er føredragshaldar.



Foto: Odd Helge Brugrand



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei ni kommunane i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagar og skular i Sogn. Messa i Sogndal er den sjuande gongen regionrådet og stiftinga Ungt Entreprenørskap arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn.



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

